



Solvorn oppvekstsenter

«Meistring kvar dag»

ORDENSREGLAR FOR ELEVAR VED SOLVORN OPPVEKSTSENTER

Dette er eit tillegg til ordensreglane for Lustraskulen.

1. Yttertøy og utesko skal plasserast på fast plass i garderoben. Bytekle kan ligga i hylla, elles i hylle i klasserommet. Når det vert fullt på plassen, skal ein rydda og ta med heim.
2. Ball i friminutta skal kun nyttast ute. Fotball (også handball og volleyball) skal føregå i ballbingen, andre ballspel/leikar på ballvegg eller ved ballveggen.
3. Følgja retningen i sykkelløypa og venta på tur, unngå forbi-syklingar. Bruk av sparkesykkel, rullebrett/skøyter skal avtalast med lærar, fordi det føregår på asfalten ved inngangen. Til desse aktivitetane skal ein nytta hjelm. Ved bruk av rulleskøyter/brett og sparkesykkel, etter avtale, skal det også nyttast kne- og alboge beskyttarar.
4. Sykkel skal parkerast i sykkelstativa. Anna vinterutstyr skal setjast fint opp til, eller leggast inntil, vegg.
5. Snøballkasting skal føregå på ballvegg og blink. Ved snöhólebygging i bakken under/før parkeringsplassen, skal ein unngå å koma opp på parkeringsplassen/vegen og bilane.
6. Alle friminutt er ute.
7. På toalettet skal ein trekka ned etter seg og vaska hender. Døra inn til toalettet skal lastast att. Det er fint om seier ifrå når det er tomt for papir eller såpe.
8. Snop, også tyggis, og ekstra «kos» får ein ta med etter avtale med lærar.
9. Etter symjing kan ein ta ei frukt eller litt drikke i bussen, maten skal etast når ein er tilbake på skulen.
10. Mobilen skal ligga heime eller avslått i sekken. Den kan kun nyttast etter avtale med lærar og føresette, til evt undervisning. Ved meldingar/telefonar heim, nyttar ein skulen sin telefon. Smartklokker som vert brukt som klokke, skal vera i skulemodus, elles same regel som for mobilbruk.
11. Alle skal møta kvarandre med respekt. «Den gylne regel» gjeld alltid 😊

Ordensreglane skal vera til hjelp for at alle skal oppleva eit trygt og godt skolemiljø, noko alle elevar har krav på.

Ved brót på reglane, vert det notert av lærar og melding heim når noko skjer gjentekne gonger. Om det er brót med leiker og utstyr, kan det verta beslaglagt neste friminutt eller ut dagen.

Leiker og utstyr som ein har med heimefrå, er på eige ansvar om noko skulle bli øydelagt, og ein bør kunna låna bort til andre i leiken.

Saman er me gode og klarer å skapa eit triveleg miljø for både elevar og personale 😊